

PRESSEINVITASJON

28.04.2023

50-åring skal feirast med kake til sykklistar

50 år er gått sidan første Sykle til jobben-aksjon blei trødd i gang. 3. mai kan du bli med å feire jubilaranten.

3. mai kl. 07.15 og utover inviterer vi til opningsmarkering og kake til både media og morgonfriske sykklistar utanfor Vestlandshuset i Lars Hilles gate i Bergen.

Sykle til jobben varer i år frå 3. mai til 16. juni. Under morgonmarkeringa vil mange gode krefter som jobbar for meir sykling og annan grøn mobilitet vere representert.

Bedriftsidretten Vestland har bestilt kake i anledning 50-årsjubileet og markeringa varer frå 07.15 til 08.45, men vi reknar med dei aller fleste kjem forbi mellom 07.30 og 08.00.

Mellom anna blir desse med:

- Miljøløftet ved fylkesvaraordførar i Vestland, Natalia Golis, og sekretariatsleiar Aina Haugstad
- Bergen kommune ved sykkelsjef Einar Grieg
- Bedriftsidretten Vestland ved dagleg leiar Brit Helen Simmenes

Sponsar deltaking

For å senke terskelen for deltaking i Sykle til jobben, betalar Bergen kommune for alle innbyggjarar i Bergen kommune, medan Miljøløftet betalar for påmeldinga til innbyggjarane i resten av Miljøløftet-kommunane.

–Miljøløftet-samarbeidet har jo nullvekst i biltrafikken som hovudmål. Då er nettopp Sykle til jobben eit veldig godt tiltak, som både er med å redusere køar og utslepp og betre folkehelsa, seier Aina Haugstad sekretariatsleiar i Miljøløftet.

Også Vestland fylkeskommune tilbyr gratis deltaking for alle sine tilsette. For fylkeskommunen er det eit viktig mål å få fleire til å velje sykkel.

– Å velje sykkel må vere så lettvinnt at det blir førstevalet. Vi går frå ord til handling ved å prioritere sykkel framføre bil på det nye Vestlandshuset, med eigen sykkelinngang og 250 sykkel plassar, seier fylkesvaraordførar Natalia Golis.

Blir det rekord?

Brit Helen Simmenes i Bedriftsidretten Vestland merkar stor interesse frå mange bedrifter for tiltak som kan gi dei tilsette grønare reisevanar. No håpar ho endå fleire vil bli med på aksjonen i år, og konkurrere både mot seg sjølv og andre.

– På landsbasis hadde vi ein liten dupp i fjor, medan Bergen kommune og Askøy kommune hadde ein auke i deltakarar her lokalt. No håpar vi på deltakarrekord i jubileumsåret, seier ho.

–Sykle til jobben er bra både for helsa og bra for arbeidsmiljøet. Vi ser at kampanjen fungerer som ein god motivator. Det er lettare og kjekkare å komme i gang med aktivitet når ein gjer det i lag med andre, seier Brit Helen Simmenes.

Eit varig løft

Sykkelsjef i Bergen kommune, Einar Grieg håpar både Sykle til jobben og nye sykkel tunnelar kan vere med å få opp sykkelandelen i bergensområdet.

– Opninga av Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen har gitt mykje blest om sykling lokalt, og det er fantastisk kor mange som har tatt tunnelane i bruk. No håpar eg vi kan ta opp konkurransen med Stavanger og Trondheim på sykkelandelen, og skape eit varig løft for Bergen, seier han.

Utover i aksjonen arrangerer Miljøløftet opningsarrangement og gratis sykkelservice, saman med kommunane og Bedriftsidretten Vestland.

Mellom anna blir det også opningsarrangement på Straume i Øygarden, 3. mai. Her markerer vi både starten på Sykle til jobben og opning av ny gang- og sykkel tunnel i Idrettsvegen, det første Miljøløftet-prosjektet i kommunen.

Heile lista over arrangement finn du her:

https://miljoloftet.no/sykletiljobben/sykle-til-jobben-2023/program_sykle_til_jobben_2023/

Sykle til jobben er ein årleg aktivitetsskampanje i regi av Bedriftsidretten. Kampanjen er for alle, uansett form. All aktivitet tel, anten det er sykling, gåing, dans eller symjing.

Kontaktpersonar

Aina Haugstad

Leiar, Miljøløftets sekretariat

aina.haugstad@vegvesen.no

Telefon: 97700413

Brit Helen Simmenes

Leiar, Bedriftsidretten Vestland

brithelen.simmenes@bedriftsidretten.no

Telefon: 414 77 775

Einar Grieg

Sykkelsjef, Bergen kommune

einar.grieg@bergen.kommune.no

Telefon: 90072543

Silje Alvsaker

Kommunikasjonsrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Silje.Christine.Alvsaker@vlfk.no

Telefon: 47240431

Anders Kjetland

Kommunikasjonsrådgjevar, Miljøløftets sekretariat

anders.kjetland@vegvesen.no

Telefon: 95706862